




- skulane i Gjesdal, Hå, Klepp og Time



#Medverking

Mål- og tiltak i Jærskulen 2021/2022

Innhald

1.	Kva er Jærskulen?	2
1.1	Formål.....	2
1.2	Måla med læringsfellesskapet	2
1.3	#Medverking i Jærskulen	2
1.4	Forskningsprosjekt og tiltak i Jærskulen	3
2.	Organisering av Jærskulen	3
2.1	Styringsgruppa Jærskulen	4
2.2	Strategisamling Jærskulen	4
2.3	Jærskuledagane	4
2.3.1	Organisering av Jærskuledagane	4
2.3.2	Lærande nettverk	5
2.3.3	Årshjul Jærskuledagane 2021/2022	7
3.	Desentraliserte ordning for kompetanseutvikling (DEKOM)	7
3.1	Organisering	7
3.1.1	Arenaer for deling og læring	9
3.2	Partners in practice (2020-2025)	9
3.3	Profesjonsfagleg digital kompetanse (PfdK).....	10
3.3.1	Digitale ressurspedagogar	10
4.	Digital utvikling	11
4.1	DigUp (2020-2022).....	11
4.2	IKT ressursgruppe	11
5.	Kurs og driftsoppgåver.....	12
5.1	Kurs for 1. klasselærarar	12
5.2	Munnleg eksamen	12
5.3	Rekruttering.....	12
5.4	Rettleiing av ny-tilsette, år 2.....	13
5.5	Lærarsamlingar	13
5.6	Driftsoppgåver og ansvarskommunar:	13
6.	Trygt og godt læringsmiljø	14
6.1	www.tryggskule.no.....	14
6.2	Inkluderande barnehage og skulemiljø	14
6.3	CLAE II (2019-2022)	15
6.4	ROBUST (2021-2022)	15
	Vedlegg 1:.....	17
	Vedlegg 2:.....	18

1. Kva er Jærskulen?

Jærskulen er eit forpliktande samarbeid om skuleutvikling i kommunane Gjesdal, Hå, Klepp og Time. Avtalen bygg på erfaringar med Jærskulen som prosjekt frå 2013-2019, og på nasjonale og kommunale føringar. Samarbeidet er forankra i kommunestyrevedtak i kvar kommune. Gjesdal, Hå og Time fatta vedtak i juni 2019 og Klepp i juni 2021 om at samarbeidet er ein fast avtale under namnet Jærskulen.

1.1 Formål

Eit forpliktande samarbeid i eit større læringsfellesskap på tvers av kommunane Gjesdal, Hå, Klepp og Time, som skal styrke kommunane og skulane i si utvikling. Læringsfellesskapet skal bidra til å skapa gode og trygge læringsmiljø som fremmar den enkelte elev si læring. I arbeidet med å fremma læringa for elevane, er skuleleiarane sentrale. Jærskulen skal vere med å styrka skuleleiarane i sine roller slik at det blir lagt til rette for profesjonsfaglege fellesskap og gode skulebaserte prosessar på alle skular.

1.2 Måla med læringsfellesskapet

Jærskulen skal ha skuleeigarar, skuleleiarar og lærarar som jamleg reflekterer, vurderer og vidareutviklar eigen praksis i lys av felles verdiar. Måla for Jærskulen er dei overordna nasjonale sektormåla for grunnskulen og er gjeldande for kommunane og skulane i Jærskulen:

1. Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø
2. Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg, slik at alle får utvikle potensialet sitt
3. Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse
4. Alle lykkast med opplæringa og utdanninga

1.3 #Medverking i Jærskulen

Tittelen på denne planen er #Medverking. Emneknaggen symboliserer at alle aktørar i Jærskulen skal verke i lag for å skapa ein best mogeleg skule, og at alt innhald i planen skal støtte opp om dette.

I rapporten «En skole for vår tid» (2021) skriv ein at eit kjenneteikn ved vår tid er medverking:

«Medverking kjenneteiknar også skular som lykkast med elevanes læring. Medverking frå elevar, lærarar, skuleleiarar og skuleeigarar bidreg til å styrke skulens kunnskap og kompetanse og gjer at kunnskapen om skulen på nivåa over skulen aukar. Skulefagleg kompetanse på alle nivå er heilt naudsynt i det viktige arbeide med kvalitetsutvikling i utdanningssektoren.»

Rapporten seier også at dei lærarane og leiarane som har ein undersøkende og utforskande tilnærming til eigen praksis, dei utviklar også kunnskap om praksis som dei brukar til å gjere forbetringar. Dei praktiserer og høg grad av elevmedverking.

1.4 Forskingsprosjekt og tiltak i Jærskulen

Forskningsprosjekt og tiltak er konkretisert i *mål og tiltaksplan*, som blir revidert kvart år. I denne planen er det skildra aktivitet for tiltaka innanfor disse områda i skuleåret 2021/2022:

- DEKOM: Langsiktig arbeid med utvikling av praksis
- Digital utvikling
- Kurs og driftsoppgåver
- Trygt og godt læringsmiljø

Tilstandsrapport og årsmelding vert lagt fram for politikarane i mars kvart år.


Tilstandsrapporten syner til dei lovkrava som opplæringslova § 13-10 har:

«Kommunen og fylkeskommunen har ansvaret for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, også å stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava skal kunne oppfyllest.»

Alle skulane sine *utviklingsplanar* byggjer på nasjonale føringar, kommunale planar og analysar av eigen skule ut frå eigne resultat. Jærskulen har eit grunnlagsdokument, «[Kvalitetssystem for utvikling i Jærskulen](#)», som er felles for skulane sine utviklingsplanar.

2. Organisering av Jærskulen

Politisk skuleeigar i kommunane har øvste ansvar i Jærskulen. Det er kommunane som styrer det interkommunale samarbeidet i Jærskulen. Jærskulen er organisert på følgande måte:



Figur 1: Organisering av Jærskulen

2.1 Styringsgruppa Jærskulen

Styringsgruppa består av skolesjefar og hovedtillitsvalte (HTV) og skal vidareutvikle og følge opp tiltak i Jærskulen. Styringsgruppa skal ha 3-4 møte i halvåret. Utviklingsleiar i Jærskulen er deltakar utan stemmerett.

2.2 Strategisamling Jærskulen

Jærskulen gjennomfører to strategisamlingar i året. Alle på skuleeigarnivå, HTV og ein rektor frå kvar kommune vert invitert til å vera med.

2.3 Jærskuledagane

Dei fire Jærskuledagane er samarbeids- og kompetansehevingsarena for Jærskulen.

2.3.1 Organisering av Jærskuledagane

Jærskuledagane gjennomførast fire gonger i skuleåret, i månadene september, november, februar og april. Deltakarar frå skuleeigarnivå er alle skolesjefar og rådgjevarar, men kommunalsjef, PPT, oppvekst og andre kan bli invitert. Skuleleiarar, HTV og Arbeidsplasstillitsvalte (ATV) deltar på alle fire dagane.

Jærskuledagane varer frå kl. 10:00-15:00 med ein fellesdel på 1-2 timer og arbeid i nettverk (jf. pkt. 2.3.2) i 3-4 timar. Fellesdelen er for skuleeigarar, skuleleiarar, HTV og ATV. Faste representantar frå skuleeigarane er med i kvart sitt nettverk som kontaktpersonar. Dei deltar

på møta og har ansvar for å ta innspel inn og ut av nettverket. Innhaldet i Jærskuledagane kan for eksempel vere Desentralisert kompetanseordning (DEKOM), deling, foredrag og kompetanseheving.

HTV og lokallagsleiar har ansvaret for nettverk for ATV og lokale ATV-samlingar. Desse blir lagt ut frå eit samla årshjul. Tema medskaping /medbestemmelse mellom rektor/ATV og skulesjef/HTV vert lagt til ein utvida Jærskuledag.

Ein frå kvar kommune har ansvar for praktisk gjennomføring og organisering av Jærskuledagane. Evaluering frå nettverka frå gong til gong desse fire dagane vert gjort av utviklingsleiar i samarbeid med representantar frå kvar kommune. Mellom dei fire Jærskuledagane har ein lærande møter der ein tek med seg innspel frå nettverka. Desse møta er viktige for å få til gode prosessar i kommunane og for å følge opp kvar enkelt skule. Det er estimert fire slike møter i året.

2.3.2 Lærande nettverk

Skulane sine leiargrupper er delte i sju nettverk. Det er fire nettverk for barneskulane, to nettverk for ungdomsskulane og eitt nettverk for dei kombinerte skulane. Nettverka er organisert som leiarnettverk og ATV-nettverk på tvers av kommunane.

Alle skular stiller med minst to representantar frå si leiargruppe i eige nettverk. Dei kan i tillegg ha med andre leiarar frå leiargruppa. Deltaking i nettverka evaluerast etter eit år.

Nettverka gjennomførast som fysiske møter, eller på Teams dersom situasjonen tilseier det. Oppgåvene som ordstyrer og referent går på rundgang. Alle deltakarane har ansvar for å bringe inn innhald i nettverket og til å melde inn ønskjer og behov for fellestema for alle på Jærskuledagane.

Desse leiarnettverka er gjeldande i skuleåret 2021/2022:

	Gjesdal	Hå	Klepp	Time
Barneskular (B1)	Solås	Motland	Kleppe	Rosseland Undheim
Barneskular (B2)	-	Varhaug	Orre Tu	Bryne Hognestad
Barneskular (B3)	Bærland	Bø Høyland	Bore	Frøyland
Barneskular (B4)	Ålgård	Vigrestad	Engelsvoll Horpestad	Lye
Ungdomsskular (U1)	Gjesdal	Varhaug	Bore	Vardheia Frøyland
Ungdomsskular (U2)	-	Nærbø	Klepp	Lye Bryne
Kombinerte skular	Dirdal 1-10 Oltedal 1-10	Ogna 1-10 Vigrestad 5-10	Orstad 1-10	-

Tabell 1: Leiarnettverk 2021/2022

Nettverka gjennomførast i tre delar på til saman 3-4 timar. Dei tre delane er

- *Oppfølging/førebuing av fellesdel av dagen:* Oppgåver som ein drøfter og reflekterer kring i eige nettverk, og som følges opp på eigen skule. Dette er likt i kvart nettverk.
- *Leiarutfordringar /erfaringsdeling:* Nettverket vel korleis og på kva måte ein ønsker å arbeide med dette punktet. Dette kan vere ulikt frå nettverk til nettverk.
- *Faglitteratur/ Teori:* Drøfting av problemstillingar og teori knytt til utviklingsarbeid i eigen jobb. Dette kan vere ulikt frå nettverk til nettverk .

Tida kan nyttast ulikt på dei tre delane utifrå nettverka sine behov. På slutten av kvart nettverksmøte skal møtet evaluerast, oppgåver til neste møte fordelast og referat lagt i Teams.

2.3.3 Årshjul Jærskuledagane 2021/2022

Kva	Dato / Tid	Kor	Kven	Innhald
Jærskuledag I	Onsdag 08.09.21 Kl. 10:00-15:00	Klepp rådhus	Skuleleiare ATV/HTV Skuleeigar	Tema: #Medverking – dialogisk praksis Leiarnettverk/ATV nettverk
Jærskuledag II	Torsdag 11.11.21 Kl. 10:00-15:00	Gjesdal veveriet	Skuleleiare ATV/HTV Skuleeigar	Leiarnettverk/ATV nettverk
Jærskuledag III	Fredag 11.02.22 Kl. 10:00-15:00	Time rådhus	Skuleleiare ATV/HTV Skuleeigar	Tema: Kritisk tenking Leiarnettverk/ATV nettverk Medskaping skuleleiar og ATV
Jærskuledag IV	Måndag 04.04.22 Kl. 10:00-15:00	Hå rådhus	Utviklingsgruppe ATV/HTV Skuleeigar	Leiarnettverk/ATV nettverk


Tabell 2: Oversikt over Jærskuledagane 2021/2022

3. Desentraliserte ordning for kompetanseutvikling (DEKOM)

DEKOM er eit partnerskap med Universitetet i Stavanger (UiS). Jærskulen er ein del av Region-sør, Rogaland saman med Sandnes og område Dalane. Formålet med partnerskapet er eit langsiktig arbeid som, gjennom medskaping og profesjonelle læringsfellesskap i alle ledd, skapar gode og trygge læringsmiljø som fremjar elevane si læring. Det er utarbeidd felles kunnskapsgrunnlag gjennom bakgrunnsdokument og plan for Region-sør, Rogaland, sist revidert 26. mars 2021. Kvar kommune og skule tek i bruk felles verktøy for å få til ein praksis som realiserer intensjonane i læreplanfornyninga.

3.1 Organisering

Det er styringsgruppa for Jærskulen som har ansvaret for desentralisert kompetanseordning i Jærskulen og som set retninga etter jamlege evalueringar gjennom året og i strategigruppa ein gong i året. Skulesjefane i Jærskulen sit i Region Sør-styringsgruppa og utviklingsleiar er Jærskulens representant i arbeidsutval, kjernenettverk og Samskapingsforum i Region-sør, Rogaland.



Figur 2: Organisering DEKOM region Sør

Her er oversikta over kven som deltar frå Jærskulen i dei forskjellige møta/aktivitetane i DEKOM partnarskapet:

	Utviklingsleiar	Skulesjef Gjesdal, Hå, Klepp, Time	Råd- gjevarar	HTV Gjesdal, Hå, Klepp, Time	Rektor og leiargruppe	ATV
Region sør - Styringsgruppa 2 gonger i året	X	X		X (1)		
Region sør - Kjernenettverk 4 gonger i året	X			X (1)		
Region sør -Samskapingsforum 1 gong i året	X	X	X	X		
Region Sør – felles leiarsamling 1 gong i året	X	X	X	X	X	X
DEKOM Styringsgruppa Jærskulen	X	X		X		
DEKOM Jærskuledagane	X	X	X	X	X	X

Tabell 3 Deltaking i DEKOM

Kommunalt ansvar er hos skulesjefane og på skulane har rektor ansvaret. Fagpersonar frå Universitets- og høgskulesektoren (UH) kan vera med å støtte opp om arbeidet som vert gjort i kvar kommune.

Ressursar i DEKOM-ordninga er fordelt på 20% x 2 fagpersonar ved UiS og 20% fagstilling (4 x 5 % i kvar kommune) i Jærskulen. Dei to fagpersonane frå UiS er med på planlegging av dei 4 Jærskuledagane og gjennomføringa av desse. Praktisk arbeid før Jærskuledagane og mellom Jærskuledagane skal organiserast av ein frå kvar kommune i samarbeid med utviklingsleiar. Dei kommunale midlane til desentralisert kompetanseordning blir i skuleåret 2021-2022 nytta til digitale ressurspedagogar for læringsteknologi.

3.1.1 Arenaer for deling og læring

I partnarskapet vert arbeidet i Jærskulen organisert og gjennomført på følgjande arenaer:

Jærskulen: 4 jærskuledagar, leiarnettverk og lærarsamlingar på tvers

Kommunen: Leiarsamling skule og lærarsamlingar

Skulane: Skulebasert utvikling i fellestid, lag- og trinnmøter og erfaringsdeling på tvers av skulane som er del av prosjekt.

3.2 Partners in practice (2020-2025)

Partners in practice er eit partnarskap med Lesesenteret, UiS, og målet er å fornye og utvikle gode faglige praksisar, basert på ein dialogisk tilnærming til undervising. I samarbeid med lærarar i Jærskulen ønsker forskarane å utvikle, prøve ut og vidareutvikla undervising i norsk, matematikk, naturfag og samfunnsfag. Deltakande skular er Kleppe skule, Rosseland skule, Varhaug skule og Ålgård skule.

Arbeid med tiltaket 2021/2022:

- Etablere konseptet i skulane. Skape ei felles forståing blant deltakarane om av kva medverking er og kva det betyr i praksis.
- I samarbeid med lærarane utvikle «dialogiske rom» i planar og undervising

3.3 Profesjonsfagleg digital kompetanse (PfdK)

Styringsgruppa i Jærskulen er eigar av prosjektet og utviklingsleiar i Jærskulen er prosjektleiar. Målet med tiltaket er at Jærskulen har lærarar og leiarar med god profesjonsfaglig digital kompetanse for å realisere måla i LK20 og utvikla digitale medborgarar. Utviklinga av læraren sin digitale kompetanse har eit tosidig siktemål. Den eine handlar om profesjonsutvikling og den andre om måten læraren underviser på. PfdK er organisert med IKT ressursgruppe og digitale ressurspedagogar.



Bilde 1 Lærarens PfdK

3.3.1 Digitale ressurspedagogar

I kvar kommune er det 2-3 digitale ressurspedagogar for læringsteknologi. Dei har fire nettverksmøte kvart år. I møta er erfaringsdeling og kompetanseheving sentralt.

Ressurspedagogane har eige ansvar for arbeid ut i kommunane saman med skuleeigar og skuleleiinga og det er utarbeida eigen strategiplan for arbeidet 2021-2023.

Samarbeidet om PfdK er utan fagpersonar frå universitet og høgskular no. Dei fleste som er digitale ressurspedagogar har minimum 30 studiepoeng i PfdK. Ein tenker seg at samarbeidet om PfdK kan utvidast med fagpersonar frå universitet og høgskular seinare om kommunane ser at ein treng det.

Arbeid med tiltaket 2021/2022:

- Kommunane utarbeider eigen plan for kompetanseutvikling som samsvarer med strategiplanen
- Leiarar og lærarar med økt kompetanse på områda målas i løpet av 2022
- Kommunane og skulane leggje til rette for at lærarane kan ta studiet PFDK gjennom ordninga Kompetanse for kvalitet (KFK), kommunale føringar på korleis
- Leiarar involverer digitale ressurspedagogar i fellestid for deling
- Kommunen sikrar at leiarane og dei digitale ressurspedagogane arbeidar saman ut mot skulane for å få gode skulebaserte prosessar

4. Digital utvikling

4.1 DigUp (2020-2022)

DigUp har mål om å utvikle ein didaktisk digital undervisningsplanleggjar (DigUp) – med lærarar og for lærarar. Jærskulen er eigar av prosjektet ved Time kommune og skulesjef Pamela Sudmann. Toril Frafjord Hoem, førstelektor ved Lesesenteret/UIS er prosjektleiar. DigUp har utvikla ein plattformuavhengig prototype på planleggaren som visar ein samanheng mellom mål, innhald, arbeidsmetodar og vurdering. Prosjektet avsluttast sommaren 2022.

Arbeid med tiltaket 2021/2022:

- Utprøving av prototypen ved enkelte skular på alle trinn og i ulike fag
- Gjennomføre ein time fokusgruppeintervju med 24 lærarar i november 2021

4.2 IKT ressursgruppe

Denne gruppa består av to tilsette innanfor IKT i kvar kommune, ein tilsett frå teknisk/drift og ein med pedagogisk tilnærming. Dei gjennomfører 5 møter kvart år kor fokus er på læring og samarbeid om bruk av læringsteknologi i kommunane. IKT ressursgruppa jobbar med strategisk utvikling med vekt på samkjøring og erfaringsdeling i kommunane.

Arbeid med tiltaket 2021/2022:

- Samarbeid med kommunalsjefar, innkjøp og skulesjefar med tanke på vurderinga av nye læremiddel for 2022/2023.

5. Kurs og driftsoppgåver

5.1 Kurs for 1. klasselærarar

Kvart år arrangerast det kurs i klasseleiing, lesing og rekning for alle lærarar som skal ha fyrste klasse ved skulestart kommande skuleår. Det har vore gode erfaringar frå kursa.

Arbeid med tiltaket 2021/2022:

- 1. klasse kurset vert gjennomført i mai/juni 2022. Arrangør er Gjesdal kommune.

5.2 Munnleg eksamen

Jærskulen samarbeider med Sola kommune om munnleg eksamen. Kvar vår har ein et samarbeid før, under og etter eksamen er gjennomført. Munnleg eksamen for 10. klasse våren 2022 er ut frå ny læreplan. Ein frå kvar kommune deltek i eksamensgruppa.

Arbeid med tiltaket 2021/2022:

- Eksamensgruppa vil i 2021/22 leggje planar for ny instruks, nye fagrapportar og eventuelt ny eksamensform som følgje av ny læreplan.

5.3 Rekruttering

Jærskulen har ein lærar frå kvar kommune som rekrutteringslærar. I skuleåret 2021/22 er det Vegard Rusnes (Horpestad skule), Lene Sikveland (Bryne skule) og Livar Mellomstrand (Ogna skule). Rekrutteringslærarane skal, saman med representant frå skuleeigarar i Jærskulen, planlegge og gjennomføra to arrangement kor lærarstudentar og andre kan stilla relevante spørsmål om tilsetjing i Jærskulen.

Arbeid med tiltaket 2021/2022:

- Delta på karrieredagane på Universitetet i Stavanger
- Gjennomføre en rekrutteringskveld i januar 2022

5.4 Rettleiing av ny-tilsette, år 2

Jærskulen tilbyr rettleiing til lærarar som er i sitt andre arbeidsår. Det er skuleeigar sitt ansvar at nyutdanna blir ivaretatt på ein god måte. Rettleiing og utvikling av kompetanse er ein del av dette ansvaret (Arbeidsmiljøloven § 4-2, Opplæringslova § 10-8).

Rettleiinga gjer lærarane moglegheit til å reflektere over sentrale områder i eigen praksis og utvikling og sikrar at lærarane får ein god overgang frå utdanninga til yrke. Ordninga er frivillig. Rettleiarar i skuleåret 2021-22 er Britt Elin Mecea (Dirdal skule), Merethe Thomassen Arnes (Motland skule), Ingrid Anne Jensen (Bryne Ungdomsskule) og Solveig Sæter Konsali (Tu skule). Dei har rettleiing i grupper for lærarar på tvers av kommunane.

Arbeid med tiltaket 2021/2022:

- Oppstarssamling måndag 6. september, kl. 13:30-15:00
- Rettleiarane gjennomfører 4 samlingar med gruppene i løpet av skuleåret, onsdagar kl. 13:00-15:00. Rettleiar avtaler møta direkte med deltakarane
- Evalueringssmøte med rettleiarar torsdag 13. januar kl. 13:30-15:00 og torsdag 2. juni, kl. 13:30-15:00

5.5 Lærarsamlingar

Dei 7 nettverka med leiarar på tvers av kommunane arrangerer ulike lærarsamlingar i eigne nettverk. Dersom leiarnettverk ønskjer å ha lærarsamlingar på tvers av skulane for å få til gode skulebaserte prosessar på eigen skule, så kan leiarane arrangere det.

Arbeid med tiltaket 2021/2022:

- Lærarsamlingar vert vurdert av nettverka og styringsgruppa der ein ser det er formålstenleg
- Styringsgruppa for Jærskulen ser på om ein skal ha ei stor felles lærarsamling våren 2022 for alle lærarar i Jærskulen

5.6 Driftsoppgåver og ansvarskommunar:

Kvar kommune har særskild ansvar for følgjande oppgåver:

Gjesdal: Eksamen

Hå: Portalane til websidene for Jærskulen

Klepp: Rekruttering og Rettleiing

Time: IKT ressursgruppe

Utviklingsleiar er formelt tilset i Gjesdal kommune.

Arbeid med tiltaket 2021/2022:

- Ansvar for arbeidet med eksamen blir overtatt av Sola kommune
- Ansvar for rekruttering og rettleiing blir overført til utviklingsleier dette året
- Websida og Facebook-brukaren til Jærskulen skal oppdaterast i forhold til innhald, profil og målgrupper

6. Trygt og godt læringsmiljø

Arbeidet med trygt og godt læringsmiljø er forankra i lovverket og synleggjerast også på skuleeigarnivå. Det gjeld både førebyggjande arbeid, erfaringsdeling og læring kommunane får etter tilsyn frå Statsforvaltaren. Følgjande tiltak er ein del av dette satsingsområde:

6.1 www.tryggskule.no

Nettstaden www.tryggskule.no var ein portal i regi av Jærskulen kor det var samla informasjon ein kunne nytte dersom ein oppdaga at ein elev ikkje hadde det trygt og godt på skulen. Portalen ble lagt ned i mai 2021 og informasjonen overført til www.jærskulen.no.

Arbeid med tiltaket 2021/2022:

- Oppdatere heimesida www.jærskulen.no slik at informasjonen frå portalen fortsatt blir tilgjengelig for målgruppene og at intensjonen med portalen blir ivaretatt.

6.2 Inkluderande barnehage og skulemiljø

Inkluderande barnehage og skulemiljø er ei statleg satsing frå Utdanningsdirektoratet. For å få til gode læringsmiljø treng ein å byggje kapasitet på skulane. Ein treng kompetanse om korleis ein skal fremje, førebyggje og handtere mobbing og andre krenkingar. I tillegg må skulane arbeida systematisk for å sikra at alle elevar skal oppleve å bli inkludert og ha det bra på skulen.

Skulane har plikt til å følgje med, gripe inn, varsle, undersøke og å sette inn tiltak (Opplæringslova, kap. 9 A).

Skular og barnehagar har hatt eit interkommunalt samarbeid i regi av Jærskulen. Evalueringa frå denne kompetansehevinga syner at skulane er godt nøgde med den auka kompetansen ein har fått.

Arbeid med tiltaket 2021/2022:

- Erfaringar og kompetanse frå inkluderande barnehage og skulemiljø må nyttast og spreia til kvar enkelt skule og barnehage i kommunane.

6.3 CLAE II (2019-2022)

CLAE II, www.clae.no, er eit skuleutviklingsprosjekt støtta av Erasmus+; EU sitt program for undervisning, trening, ungdom og sport. Jærskulen er eigar av prosjektet og fokus er på kritisk kompetanse og medvit i undervisninga – «Å tenke kritisk saman». Hovudmålet er at lærarar og forskarane skal få ein betre forståing av moglege mønstre og prinsipp som styrker elevane si kritiske tenking gjennom forbetring av elevane si dialogiske deltaking i klasserommet og elevane si metakognitive medvit. Gjennom å arbeide med den kritiske ferdigheita i undervisninga bidreg ein til at elevane både medverke og tar medansvar i læringsfellesskapet. CLAE II er sterkt forankra i læreplanens overordna del i opplærings verdigrunnlag; «Kritisk tenking og etisk bevissthet». I skuleåret 2021-2022 er målsettinga spreing av innhaldet lokalt, nasjonalt og internasjonalt.

Arbeid med tiltaket 2021/2022:

- Forankra tema i skuleleiinga
- Utvikla ein strategiplan for spreing i Jærskulen
- Kvar skule arbeidar med to økter med kritisk tenking i eige personale

6.4 ROBUST (2021-2022)



Ungdomsskulane i dei fire kommunane er ein del av forskingsprosjektet Resilient i regi av Universitetet i Stavanger. Resilient utviklar og testar ut undervisningsopplegget ROBUST, www.uis.no/robust. Prosjektet startar opp hausten 2021 og

då vil halvparten av 9.klassingane få undervisning i ROBUST. Målsettinga med ROBUST er å stimulere til økt sosial og emosjonell kompetanse blant elevar innan sentrale ferdigheter for å mestre skulekvardagen. Det er en sterk kopling mellom ROBUST og læreplanen, både i overordna del og fagplanane, blant anna i det tverrgående temaet «Folkehelse og livsmestring». Kontaktpersonar i kommunane er Hege Kvam (Gjesdal), Jette Østrått (Klepp) og Monica Aga (Time)

Konkret planlagt arbeid med tiltaket 2021/2022:

- Prøve ut undervisningsopplegget «Robust» i intervensjonsklassene på deltakarskulane
- Tre kursdagar med lærarane som deltek i prosjektet, måndag 25. oktober, onsdag 24. november og torsdag 13. januar

Vedlegg 1:

Oversikt over tiltak og møteaktivitet 2021/2022

Kva	2021					2022						
	A	S	O	N	D	J	F	M	A	M	J	
Desentralisert kompetanseordning												
Jærskuledagar		8.		11.			11.		4.			
Partners in Practice												
CLAE II, kritisk tenking - møter		9.				12.						
PfDK: IKT ressursgruppe - møter		15.		17.		12.		16.				
Digitale ressurspedagogar - møter		1.		3.		5.		9.		4.		
Dig Up - fokusgruppeintervju												
Samarbeid eksamen m/Sola												
Kurs 1. klasse												
Rekruttering												
Rettleiing av ny-tilsette 2. år		6.				13.					2.	
Lærarsamlingar/kurs for alle												
Trygt og godt skulemiljø												
ROBUST			25.	24.		13.						
Politisk skuleeigar: Fellestmøte												
Planlegging og evaluering med politisk utval												
Styringsgruppe	24.		6.	25.								
Strategisamling 1 gong i halvåret												
Skuleeigarnivå, samhandling												
Oppfølging dialogmøte med skulane												
Utviklingsplanar for skulane												

Tiltak nedst i tabellen er rammer for samhandling mellom kommunane og tiltak som er ein del av drifta for oppfølging av skulane.

Kvalitetssystem for Jærskulen har eige [bakgrunnsdokument](#) der m.a. innhald i skulane sine utviklingsplanar og Jærskulen sin modell for skuleutvikling er skildra. Modellen skal vera eit godt utgangspunkt for eit årleg analysearbeid på kvar skule. Analysen skal gjerast for å avdekke behov, sette seg nye mål og finne eigna tiltak. .

Vedlegg 2:

Oversikt over skoler som deltar i forskings- og utviklingsprosjekter 2021/2022

Prosjekt	CLAE II	DigUP	Partners i Practice	Robust	Teaching to Be
Kommune					
Gjesdal	Bærland		Ålgård	Dirdal	
	Solås			Gjesdal U	
	Ålgård			Oltedal	
Hå	Varhaug skule		Varhaug		
Klepp	Orre skule		Kleppe skule	Bore U	
				Kleppe U	
				Orstad	
Time	Bryne U		Rosseland	Bryne U	
	Frøyland B			Frøyland U	
	Frøyland U			Lye U	
				Vardheia U	